



Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo



Møre og Romsdal fylke

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2006/6573 KU/KU2 NBA:amb	05.01.2007	MR 7803/2007/C60	Arvid Blindheim, 71 25 88 31	16.04.2007

"Bibliotekreformen 2014" - melding om vedtak

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal behandla sak U-30/07 "Bibliotekreform 2014 – Høyring" i møte 26. mars 2007, og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

"Møre og Romsdal fylke støttar intensjonane og strategiane i Bibliotekreform 2014 med dei merknader som ligg i denne høyringsuttalen.

Gjennomføring av reformen vil vere avhengig av to viktige føresetnader:

At strategiane får den nødvendige legitimitet, og at det blir gjeve tilstrekkelege statlege løyvingar både til nasjonal og lokal satsing.

Møre og Romsdal fylke finn særleg grunn til å peike på følgjande:

Del 1. Innhald og tenester

Møre og Romsdal fylke ser satsinga på digitalt innhald og nettbaserte tenester som svært viktig for å nå det politiske målet å gje alle innbyggjarar i landet lik tilgang til kultur- og kunnskapskjelder. I dette arbeidet er nasjonale fellesløysingar viktige.

Bibliotekreform 2014 har også som mål å etablere eit program for digitalisering av materiale innan heile ABM-området. Møre og Romsdal fylke ser dette som eit positivt signal, og meiner at dette bør ha både ein nasjonal og regional profil.

For å kunne fyllerolla som læringsarenaer treng både folke- og skolebiblioteka systematisk fornying av kompetanse og opprusting av utstyr. Utgreiinga peikar på litteraturformidling som ei kjerneoppgåve for folkebiblioteka, og Møre og Romsdal ser positivt på signalet om eit program for litteraturformidling for å styrke desse oppgåvene.

Det er elles behov for ei nasjonal satsing på litteraturformidling for barn og unge i Den kulturelle skolesekken, og Møre og Romsdal fylke understrekar behovet for eigne midlar til dette på statsbudsjettet. Ein vil også understreke den viktige rolla folkebiblioteka spelar i arbeidet med inkludering og integrering av innvandrarbefolkninga.

Del 2. Struktur og organisering

Møre og Romsdal fylke ser positivt på signala om sterkare einingar med samarbeidande/konsoliderte bibliotek. Dette samsvarer godt med røynsler frå eige fylke, der det er sett i gang fleire vellukka interkommunale biblioteksamarbeid. Større einingar vil gje store fordelar med omsyn til både felles bruk av samlingar, kompetansemiljø og samordna bruk av ny teknologi.

Det er viktig å merke seg at utgreiinga skisserer ein satsingsreform, - ikkje ein innsparingsreform. I eit fylke som Møre og Romsdal med krevande reisevegar og lange avstander er det viktig at konsolidering ikkje blir å oppfatte som ein nedleggingsreform der kommunar risikerer å miste lokalt bibliotektilbod.

Fylkesbiblioteket si rolle blir i utgreiinga spissa meir mot koordinerings- og utviklingsarbeid, noko Møre og Romsdal fylke ser som ei naturleg utvikling. Her er signal om at reine driftsoppgåver i større grad bør løysast av større folkebibliotek, noko som krev nye samarbeidsmodellar.

Vi vil elles trekke fram drifta av Bokbåten Epos som ei oppgåve som framleis bør løysast av dei tre fylkesbiblioteka på Vestlandet.

I den generelle reformstrategien ligg det forventningar om auka økonomisk innsats frå kommunane, men i tillegg må det løyvast betydelege midlar frå statleg hald for å stimulere til gjennomføring av reformen

Møre og Romsdal fylke er elles av den meining at større del av utviklingsmidlar innanfor ABM-området bør kunne forvaltast regionalt for betre å kunne tilpassast lokale behov og satsingar.

Det er eit generelt behov for opprusting av folkebiblioteklokale, både arealmessig og estetisk, og Møre og Romsdal fylke ser forslaget om eit statleg investeringsprogram for biblioteklokale som positivt

Møre og Romsdal fylke ser behovet for landsdekkande transportordningar som ein kombinasjon av lokale og nasjonale ordningar. Her er det viktig å få ordningar som også løyser dei krevande logistikutfordringane ein har i mindre sentrale strøk av landet.

Eit samhandlande Norgesbibliotek vil ha behov for styrking gjennom lovverket, og Møre og Romsdal fylke ser positivt på forslaget om lovendring som pålegg alle offentlege bibliotek å delta i nettverket med sine ressursar. Det er også behov for ei styrking av krava til skolebibliotek-tenester i forskriftene til opplæringslova.

Del 3. Kompetanse og forskning

Møre og Romsdal fylke ser positivt på forslaga om utvikling og kompetanseheving i biblioteksektoren. Her er det store behov, både i folkebiblioteka og ikkje minst i skolebiblioteka. Vi ser også behov for regionale utviklingsprogram og kompetanseplanar, der også tverrfagleg samarbeid på ABM-området er med."

Med helsing

Jon Aasen
fylkesordførar

Arvid Blindheim
kulturdirektør

Vedlegg:

- Sak U-30/07 – Bibliotekreform 2014 - høyring

saksframlegg

Dato: 23.02.2007 Referanse: MR 3996/2007 Vår saksbehandlar: Arvid Blindheim

Saksnr	Utval	Møtedato
20/07	Kulturutvalet	07.03.2007
U-30/07	Fylkesutvalet	26.03.2007

Bibliotekreform 2014 - høyring

Bakgrunn

Utdannings- og forskningsdepartementet (no Kunnskapsdepartementet) og Kultur- og kyrkjedepartementet fastsette i 2004 eit mandat for utgreiinga av eit samla bibliotekfelt. Samstundes blei det oppnemnd ei referansegruppe med 11 medlemmer frå relevante fagmiljø. Mandatet for utgreiinga blei utforma i samsvar med St.meld.nr. 48 (2002-2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014*. ABM-utvikling har stått for utgreiinga, som blei overlevert dei to departementa 25. september 2006.

Bibliotekreform 2014 er sendt ut på høyring (vedlegg). Dokumentet er tidlegare delt ut til medlemane av kulturutvalet. Høyringsuttale blir lagt fram for kulturutvalet 07.03.2007 og for fylkesutvalet 26.03.2007.

Innleiing

Dei tre viktigaste framlegga i *Bibliotekreform 2014* er følgjande:

- Felles nasjonale digitale tenester:
Gjennom å utvikle og tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester ønskjer ein å skape eit digitalt bibliotek som gir alle enkel tilgang til kunnskap og kultur. Dette krev samarbeid mellom biblioteka og nasjonal koordinering og finansiering.
- Norgesbiblioteket – nettverket av bibliotek i Noreg:
Utgreiinga tilrår ei reform av bibliotekstrukturen. Innbuarane i små kommunar treng same omfang og kvalitet på bibliotektenester som dei som bur i store byar. Målet er at sterkare bibliotek og kompetansemiljø, som er i stand til å utvikle fleire og betre tenester, skal gi eit gjennomgåande betre bibliotektilbod. Styrkinga vil skje gjennom samarbeid og samordningar til sterkare einingar med breiare tenestetilbod.
- Kompetanseutvikling for tilsette:
Formålet er å styrkje og fornye kompetansen i biblioteksektoren. Biblioteka skal ha ein brei og oppdatert kompetanse for å gi betre tenester. Bibliotekforskning skal gi ny kunnskap.

I tillegg skal det fysiske biblioteket utviklast som ein stad for læring og kulturformidling og som ein stad for integrering og kulturelt mangfald. Biblioteket skal i større grad være eit unikt og synleg tilbod overalt der brukarane er: på nettet, i forskinga og undervisninga og på det lokale biblioteket.

(Bakgrunn og innleiing er sitat frå Kulturdepartementet si innbyding til høyring)

Saksutgreiing / høyringsuttale

1. Generelle kommentarar

Med Bibliotekreform 2014 har ein fått viktige og framtidsretta analyser av bibliotekområdet, signal om at dagens og framtidas bibliotek er både fysisk og digitalt, presentasjon av begrepet Norgesbiblioteket, forslag om kompetanseutviklingsprogram, og ei spissing av fylkesbiblioteket si rolle som regional utviklingsaktør.

Men ikkje minst er her signal om at det trengs ei organisatorisk reform for norske folkebibliotek med følgjande målsetting:

- Biblioteksektoren i 2014 skal bestå av eit samhandlande nettverk med sterke og kompetente bibliotek
- Biblioteka skal tilby gode, relevante, oppdaterte tenester og tilføre brukarane kunnskap, kompetanse og kulturopplevingar

Det herskar liten tvil om at det trengs ein reform for å styrke folkebiblioteka. Altfor mange av dei er for små til å kunne gje brukarane fullverdige bibliotektenester, og det er ingen teikn i tida som tyder på at utviklinga med stadig utarming og større forskjellar vil snu av seg sjølv.

Møre og Romsdal fylke ser difor positivt på signala om ein ny bibliotekstruktur med større og sterkare organisatoriske einingar med større kompetansetilbud og fleire tilbod til brukarane. Her er utgreiinga framtidsretta, og foreslår til dels radikale endringar for å møte dagens og framtidas behov.

Eit hovudintrykk er at utgreiinga presenterer viktige satsingsforslag for å møte samfunnsutviklinga, med basis i allsidige tenester med stor vekt på det digitale, og eit samhandlande nasjonalt nettverk med sterk fagleg kompetanse. Her er klare mål om å gje brukarane betre tenester.

Dei foreslåtte strukturendringane gjeld først og fremst folkebiblioteksektoren, men utgreiinga seier også mykje om statleg ansvar og nasjonale institusjonar sine oppgåver.

Fylkeskommunane sine ansvarsoppgåver er først og fremst knytt til rådgivings- og utviklingsoppgåver ved fylkesbiblioteka. Deira rolle som utviklingsorgan er styrka gjennom utgreiinga, og fylkesbiblioteka er også blitt tillagt ei viktig rolle i planarbeid og gjennomføring av det foreslåtte konsolideringsarbeidet. Dette vil føresette ein sterkare legitimitet i høve kommunane enn det fylka har pr i dag, og er ei utfordring for å gjennomføre strategi-forslaga.

Gjennom ulike prosjekt i Møre og Romsdal har ein sett at biblioteksamarbeid mellom fleire kommunar/bibliotek fører til større og meir effektiv bruk av biblioteka sine samlingar og tilbod. I eit fylke der 16 av folkebiblioteka har biblioteksjefstillingar på mindre enn 100%, er dessutan utfordringane på kompetansesida eit viktig moment for å styrke biblioteka.

Skal folkebiblioteka fylle si rolle i framtida, og kome meir på linje med dei andre nordiske landa, trengs krafttak i form av strukturelle endringar, kompetanseløft og utvikling av både tenester og biblioteklokale. For å oppnå dette trengs også betydelege økonomiske løyvingar.

2. Kommenterar til dei enkelte framlegga

Utgreiinga består av 3 sentrale målområde og i alt 12 strategiar. Her kommenterer Møre og Romsdal fylke nokre av strategiane og tiltaka særskilt, medan andre berre blir omtala generelt.

Del 1. Innhald og tenester

Innanfor dette målområdet er det følgjande hovudsatsingar:

- Å utvikle og tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester. Her er målet å skape eit digitalt bibliotek som gir alle enkel tilgang til kunnskap og kultur gjennom biblioteksamarbeid og nasjonal koordinering og finansiering.
- Styrke biblioteka som ressursar for læring og kultur- og litteraturformidling, og som bidragsytarar til integrering og kulturelt mangfald.

Vår kommentar: Møre og Romsdal fylke ser satsinga på digitalt innhald og nettbaserte tenester som svært viktig for å nå det politiske målet å gje alle innbyggjarar i landet lik tilgang til kultur- og kunnskapskjelder. I dette arbeidet er nasjonale fellesløysingar viktige, noko som også vil kreve nasjonale driftsmidlar. Signalet om ei felles løysing som gjer det mogeleg å søke i alle norske bibliotek samtidig (nasjonalt samsøk) er viktig, likeeins igangsetting av programmet Norsk digitalt bibliotek. Norsk digitalt bibliotek er eit viktig satsingsområde, som også må innehalde tenester som tar omsyn til folkebiblioteka sine behov.

Bibliotekreform 2014 har også som mål å etablere eit program for digitalisering av materiale innan heile ABM-området. Møre og Romsdal fylke ser dette som eit positivt signal, og meiner at dette bør ha både ein nasjonal og regional profil. Dette er klart i tråd med signal og ønske frå ABM-institusjonar i vårt fylke. Folke- og fylkesbiblioteka er elles sentrale i arbeidet med å skaffe til veges, registrere og formidle lokalhistorisk materiale, eit område der det ligg til rette for tett samarbeid mellom arkiv, bibliotek og museum.

For å kunne fyllerolla som læringsarenaer treng både folke- og skolebiblioteka systematisk fornying av kompetanse og opprusting av utstyr. Utgreiinga peikar på litteraturformidling som ei kjerneoppgåve for folkebiblioteka, og Møre og Romsdal ser positivt på signalet om eit program for litteraturformidling for å styrke desse oppgåvene.

Det er elles behov for ei nasjonal satsing på litteraturformidling for barn og unge i Den kulturelle skolesekken, og Møre og Romsdal fylke understrekar behovet for egne midlar til dette på statsbudsjettet.

Ein vil også understreke den viktige rolla folkebiblioteka spelar i arbeidet med inkludering og integrering av innvandrarbefolkninga. Innan dette feltet er det eit stadig behov for utviklingsarbeid og kompetanseheving i biblioteka.

Del 2. Struktur og organisering

2.1 Styrke og utvikle dei organisatoriske einingane i Norgesbiblioteket

Her foreslår bibliotekutgreiinga å etablere sterkare og meir kompetente folkebibliotek gjennom ein konsolideringsprosess som omfattar folkebiblioteka i fleire kommunar.

For å møte brukarane sine behov for kvalitativt gode bibliotektilbod uavhengig av bostad, trengs sterkare kompetansmiljø som kan yte betre tenester og utnytte ny teknologi. Det blir foreslått at fleire bibliotek i eit geografisk område går saman om å etablere eit felles konsolidert bibliotek, som vanlegvis har minst ei avdeling i kvar av kommunane det omfattar.



Fylkeskommunane skal i tett samarbeid med ABM-utvikling, kommunane og biblioteka vere koordinatarar i konsolideringsprosessane. Fylkeskommunane bør utarbeide ein bibliotekplan for eige fylke m.o.t. omorganiseringar til konsoliderte einingar ut frå lokale forhold.

Vår kommentar: Møre og Romsdal fylke ser positivt på signala om sterkare einingar med samarbeidande/konsoliderte bibliotek. Dette samsvarer godt med røynsler frå eige fylke, der det er sett i gang fleire vellukka interkommunale biblioteksamarbeid. Større einingar vil gje store fordelar med omsyn til både felles bruk av samlingar, kompetansemiljø og samordna bruk av ny teknologi.

Det er viktig å merke seg at utgreiinga skisserer ein satsingsreform,- ikkje ein innsparingsreform. I eit fylke som Møre og Romsdal med krevande reiseveggar og lange avstander er det viktig at konsolidering ikkje blir å oppfatte som ein nedleggingsreform der kommunar risikerer å miste lokalt bibliotektilbod.

Skal ein konsolideringsreform lukkast, krevs det sterk legitimitet for endringar. Pr. i dag manglar fylkeskommunane mynde til å gjennomføre intensjonane i dei nemnte strategiane. Til dette trengs sterkare nasjonale føringar enn Bibliotekreform 2014. Samarbeidsprosessar på tvers av institusjonsgrensar krev dessutan sterk lokal forankring og forståing, og her ser ein også dei regionale råda i fylka som viktige arenaer for drøfting av lokal bibliotekutvikling.

Fylkesbiblioteket si rolle blir i utgreiinga spissa meir mot koordinerings- og utviklingsarbeid, noko Møre og Romsdal fylke ser som ei naturleg utvikling. Her er signal om at reine driftsoppgåver i større grad bør løysast av større folkebibliotek, noko som krev nye samarbeidsmodellar. Eit sentralt punkt her er framtidige måtar å organisere fjernlånstenester på. Her seier utgreiinga for lite om økonomiske konsekvensar av nye modellar.

Vi vil elles trekke fram drifta av Bokbåten Epos som ei oppgåve som framleis bør løysast av dei tre fylkesbiblioteka på Vestlandet. Denne drifta er i stor grad knytt til Den kulturelle skolesekken som fylka forvaltar, og er elles basert på felles utviklings- og driftsoppgåver dei 3 fylkesbiblioteka imellom.

I den generelle reformstrategien ligg det forventningar om auka økonomisk innsats frå kommunane, men i tillegg må det løyvast betydelege midlar frå statleg hald for å stimulere til gjennomføring av reformen. Det er i det heile behov for eit økonomisk krafttak for biblioteka, ikkje berre i form av prosjektmidlar. Møre og Romsdal fylke er elles av den meining at større del av utviklingsmidlar innanfor ABM-området bør kunne forvaltast regionalt for betre å kunne tilpassast lokale behov og satsingar.

2.2 Vidareutvikle det fysiske biblioteket

Biblioteka skal framstå som attraktive møteplassar i lokalsamfunn og utdanningsmiljø, og lokala skal vere tilpassa moderne formidlingsformar og bibliotekfunksjonar.

For å oppnå dette foreslår ein i utgreiinga å etablere eit statleg investeringsprogram som er ope for nye bibliotekbygg, fornying av biblioteklokaler og mobil bibliotekteneste. I dette ligg høve til ulike formar for fleirbruk av lokale, og biblioteka skal oppfylle krava til universell utforming.

Vår kommentar:

Det er eit generelt behov for opprusting av folkebiblioteklokale, både arealmessig og estetisk, og Møre og Romsdal fylke ser forslaget om eit statleg



investeringsprogram for biblioteklokale som positivt. Dei eksisterande ordningane for kulturbygg kjem ikkje biblioteka nok til gode, og det er også behov for å gjeninnføre tilskottsordning for mobile bibliotektenester

2.3. Utvikle eit brukarorientert og samarbeidande Norgesbibliotek

Sentrale mål her er at brukarane skal møte ein einheitleg og samla biblioteksektor med klar oppgåvefordeling der eit av tiltaka er å etablere distribusjonsordningar mellom biblioteka. Eit anna skissert tiltak er endring av dagens biblioteklov for å sikre samarbeidet i eit nasjonalt biblioteknettverk.

Vår kommentar:

Møre og Romsdal fylke ser behovet for landsdekkande transportordningar som ein kombinasjon av lokale og nasjonale ordningar. Dette vil også vere ein logisk konsekvens av konsolideringar og samordningar innan biblioteksektoren, og må utgreiast vidare. Her er det viktig å få ordningar som også løyser dei krevande logistikkutfordringane ein har i mindre sentrale strøk av landet.

Eit samhandlande Norgesbibliotek vil ha behov for styrking gjennom lovverket, og Møre og Romsdal fylke ser positivt på forslaget om lovendring som pålegg alle offentlege bibliotek å delta i nettverket med sine ressursar. Det er også behov for ei styrking av krava til skolebibliotektenester i forskriftene til opplæringslova.

Del 3. Kompetanse og forskning

3.1 Forny den samla kompetansen i biblioteksektoren

3.2 Støtte fagleg kunnskapsdeling på tvers av og innanfor dei ulike bibliotekfaglege områda, og som ABM-samarbeid

Vår kommentar:

Møre og Romsdal fylke ser positivt på forslaga om utvikling og kompetanseheving i biblioteksektoren. Her er det store behov, både i folkebiblioteka og ikkje minst i skolebiblioteka. Vi ser også behov for regionale utviklingsprogram og kompetanseplanar, der også tverrfagleg samarbeid på ABM-området er med.

Forslag til vedtak:

Møre og Romsdal fylke støttar intensjonane og strategiane i Bibliotekreform 2014 med dei merknader som ligg i denne høyringsuttalen.

Gjennomføring av reformen vil vere avhengig av to viktige føresetnader:

At strategiane får den nødvendige legitimitet, og at det blir gjeve tilstrekkelege statlege løyvingar både til nasjonal og lokal satsing.

Behandling i - Kulturutvalet

Innstillinga blei vedteke med 8 mot 2 røyster.

Vedtak i Kulturutvalet - 07.03.2007

Møre og Romsdal fylke støttar intensjonane og strategiane i Bibliotekreform 2014 med dei merknader som ligg i denne høyringsuttalen.

Gjennomføring av reformen vil vere avhengig av to viktige føresetnader:

At strategiane får den nødvendige legitimitet, og at det blir gjeve tilstrekkelege statlege løyvingar både til nasjonal og lokal satsing.



Fylkesdirektørens tilråding:

Møre og Romsdal fylke støttar intensjonane og strategiane i Bibliotekreform 2014 med dei merknader som ligg i denne høyringsuttalen.

Gjennomføring av reformen vil vere avhengig av to viktige føresetnader:

At strategiane får den nødvendige legitimitet, og at det blir gjeve tilstrekkelege statlege løyvingar både til nasjonal og lokal satsing.

Ottar Brage Guttelvik
Fylkesdirektør

Arvid Blindheim
kulturdirektør